

ÅRSMELDING 2021



AUST-AGDER MUSEUM
OG ARKIV IKS

www.aama.no



INNHALDSFORTEGNELSE

Frå styreleiar og direktør	4
Informasjon om verksemda	6
ARKIV OG MUSEUM - FAGLEG ARBEID	
2021 - Med tilnærma normal drift	11
Formidling	12
Arrangement i 2021	18
Samlingsforvaltning - museum	20
Samlingsforvaltning - arkiv	22
Bygningsvern	24
Forskning og kunnskapsutvikling	26
Tilknytt museum	29
REKNESKAP, NOTAR OG REVISJONSMELDING	
Driftsregnskap	31
Investeringsregnskap	32
Balanseregnskap	33
Regnskapsprinsipper	35
Notar	36
Revisjonsmelding	44
Bildeoversikt	47

FRÅ STYRELEIAR OG DIREKTØR

2021 vart eit år med ei rivande digital utvikling for institusjonen vår. AAma registrerte og digitaliserte meir enn nokon anna år. Som døme kan nemnast at vi har utvikla podkastar og gjennomført nettarrangement. Alle dei digitale plattformene våre har hatt auka besøk.

Innan samlingsforvaltning er det òg vorte gjort ein svært god innsats. Innflytting på det felles sentrallageret vårt har vorte gjennomført framifrå av fagfolka våre. Samlingsforvaltning har vore eit prioritert område dei siste åra, og vi nyttar høvet til å rosa faggruppa for samlingsforvaltning for utmerkt arbeid.

På slutten av året mottok AAma ved Setesdalsmuseet ein førespurnad frå dei etterlatte etter setesdalskunstnaren Olav Bjørgum om å overta ei betydeleg kunstsamling. Denne samlinga vart inspisert, og eit internt prosjekt vart igangsette for å sjå på korleis delar av samlinga kan bli utstilt på Rysstad. Samlinga kan bli eit spennande supplement til UNESCO-satsinga. AAma har derfor bestemt seg for å gå i dialog med dei aktuelle kommunane i Setesdal for eit utvida samarbeid rundt kunstsamlinga.

Arkivavdelinga har tatt initiativ til fleire nye prosjekt. Særleg vil vi trekka fram samarbeidet med Fædrelandsvennen om det store og innholdsrike fotoarkivet til mediahuset. Her har vi fått støtte frå det statlege Arkivverket til eit forprosjektet.

I oktober vart det halde eit stormøte med alle dei regionale musea og arkiva på Agder. Der deltok òg Riksarkivaren og Kulturdepartementet. Det var svært oppmuntrande å høyra frå Arkivverket at arkivavdelinga i AAma har gitt betydelege innspel til nasjonale tiltak på arkivfeltet. Frå Kulturdepartementet (og i museumsmeldinga) blir no framheva AAma sin modell med arkiv og museum i same organisasjon, som ein modell til etterfølging for andre. Modellen blir namngitt som «regionalt kultursenter».

AAma og Vest-Agder museet har eit godt samarbeid på fleire felte. Og saman har vi tatt ansvar og vorte samde om felles støtteordningar for lokalmusea på Agder, det vil seia museum som ikkje er med i konsoliderte einingar. Dei felles ordningane våre vil òg omfatta historielag.

Vi har følgd koronaoppmodingane til myndigheitene til punkt og prikke. Men hyppige tilpassingar til stadig nye statlege føringar og retningslinjer har vore krevjande for dei tilsette. Avstandskravet på ein meter førte til talavgrensingar, og gav oss store utfordringar. Og alle planlagde tiltak på eksterne arenaer måtte dessverre avlysast av smitteomsyn.

Heimekontor har likevel fungert bra for dei fleste. Men det sosiale fellesskapet har for mange vore sakna. Fleire planlagde personalsamlingar har vorte kansellert eller utsett.

Dei fysiske besøkstala har dessverre gått ned, på trass av at vi så godt som mogleg har halde musea våre opne når dette har vore mogleg. Talavgrensingane med omsyn til besøkande, gav oss òg store utfordringar. Nedgang i besøkstal har gitt redusert omsetning i butikkane og kafeane våre. Det var derfor kjærkomme med statleg koronastøtte på 700.000 kr.

Økonomien i AAma er likevel totalt sett god; på trass av ekstraordinære energikostnader på slutten av året. Prosess med å rekruttere ny direktør starta på slutten av året.

Vi takka alle tilsette og styre for godt utført jobb i det vanskelege året 2021.



Torunn Ostad
Torunn Ostad
Styreleder



Jan Ledang
Jan Ledang
Direktør

INFORMASJON OM VERKSEMMA

REPRESENTANTSKAP

Arne Thomassen	Agder fylkeskommune
Robert Cornels Nordli	Arendal kommune
Inger Margrethe Stoveland	Lillesand kommune
Inger E. B. Slågedal	Birkenes kommune
Rakel Birkeli Søraker	Åmli kommune
Finn Bjørn Rørvik	Evje og Hornnes kommune
Beate Skretting	Grimstad kommune
Marianne Landaas	Tvedestrand kommune
Kjetil Torp	Vegårshei kommune
Inger Løite	Gjerstad kommune
Per Kristian Lunden	Risør kommune
Jon Rolf Næss	Bykle kommune
Steinar Kyrvestad	Valle kommune
Sigbjørn Åge Fossdal	Bygland kommune
Ove Gundersen	Froland kommune
Gro-Anita Mykjåland	Iveland kommune

STYRE

Torunn Ostad (leiar)
Kai Steffen Østensen (nestleiar) til 30.09.2021
Rune Sævre 1.10.2021 – 31.12.2021
Kristin Lundby
Kim Pedersen
Sally Vennesland
Odd Eldrup Olsen
Monika K. Håland,
tilsettes valde representant, til 22. november 2021
Åse Ingeborg Haukelidsæter Vistad,
tilsettes valde representant, frå 23. november 2021
Anders Dalseg,
tilsettes valde representant, til 22. november 2021
Per Harald Bai Stabell,
tilsettes valde representant, frå 23. november 2021

ORGANISASJONSSTRUKTUR

AAma har fem fagavdelingar som er fordelte på tre stadar. Desse er: Arkivavdelinga og Museumsavdelinga på KUBEN i Arendal, Grimstad bys museer i Grimstad, Setesdalsmuseet og Setesdal Bygningsvernssenter på Rysstad.

Staben er i hovudsak plassert på KUBEN i Arendal, og to stillingar er plasserte på Rysstad.

Aama har tre faggrupper. Desse er Faggruppe for samlingsforvaltning og Faggruppe for formidling til barn og unge og Forskningsutvalg. Vidare har vi to koordinatorar; forskningskoordinator og koordinator for minne- og samtidsdokumentasjon.

ORGANISASJONSUTVIKLING OG ARBEIDSMILJØ

Beredskapsgruppen for Covid-19 arbeidde med beredskap og tiltak i leiarmøta i 2021, og berre i få tilfelle var det nødvendig med eigne møte for evt. tiltak. Delar av året hadde dei tilsette heimekontor.

Det vart registrert at berre ein tilsett vart smitta i 2021; og det alminnelege sjukefråværet gjekk mykje ned. Det har rett nok vore nokre utfordringar med heimekontora, slik som tungvinne arbeidsstillingar, og møblar har ikkje vore spesielt godt tilpassa arbeidet. Tilsette kunne ta med seg hjelpemiddel heim, og det vart utnytta i ei viss grad. Det er likevel ikkje rapportert om slitasjeskadar eller andre biverknader.

Arbeidsmiljøutval (AMU) for AAma har fire medlemmer, to frå arbeidsgivar- og to frå arbeidstakersida. Arbeidstakarane hadde leiarvervet i 2021. I tillegg deltok bedriftshelsetenesta og HR-rådgivar i AAma som observatør på møta. AMU heldt fire møte og behandla mellom anna saker som rørte følgjande område: årshjul for HMS, revisjon av HMS, avviksmeldingar, sjukefråværsrapportering, OU-prosessen, medarbeidarundersøking og kontorforholda ved Grimstad bys museer. Miljøfyrtårnarbeidet ved Kuben er vidareført, og miljøfyrtårnansvarleg har auka informasjonsflyten til alle tilsette om viktige forhold rundt miljø og klima. Det var planlagt både ein personalsamling og eit seminar med julebord for alle tilsette, men koronarestriksjonar stoppa begge arrangementa. Dette betyr at alle tilsette i AAma ikkje var samla nokon gong i 2021. På Kuben har det heller ikkje vore personalmøte med alle samla.

LIKESTILLING

Ved årets utgang var tre av fem leiarar kvinner, og det var 35 kvinner og 23 menn tilsett som betyr ein stor kvinnedel.

Lønnsoppgjeret i 2021 vidareførte målsetjinga om å få ein god lønnsmessig likestillingsprofil i organisasjonen. I tillegg vart lønnsforskjellane mellom avdelingane førebels sluttført. Det er no få forskjellar som må jobbast med. Det vart vidare gjennomført 5.2-drøftingar for å løfta ytterlegare skjevskapar.

INKLUDERANDE ARBEIDSLIV

I 2021 hadde AAma ni personar på forskjellige tiltak. Personane som er på tiltak krev litt i administrasjon og tilrettelegging, men erfaringane våre betyr at dei gir meir enn det kostar. Dette er ein del av samfunnsansvaret vårt.

NYTT DIGITALT FELLESLAGER FOR AAMA

Digitalisering av samlingane har høg prioritet i AAma. Som ein konsekvens av det ser vi eit stadig aukande behov for robuste og skalerbare lagringsløyseringar for digitale objekt. I 2021 fekk vi på plass eit nytt felles digitalt lagringssystem i AAma, og som vil dekke behova våre på digital lagring dei neste åra.

ØKONOMI OG ADMINISTRASJON

Arbeidet innan økonomi og administrasjon vart vidareført og -utvikla. Det har ikkje vore nokon utfordringar knytte til desse områda, og samarbeidd med Evje og Hornnes kommune fungerer utmerkt.

TILSETTE

	Fast tilsette		
	Kvinner	Menn	Totalt
AAma totalt	36	24	60
Leiinga AAma	3	2	5
Staben	8	4	12
Arkivavdelinga	7	8	15
Museumsavdelinga	9	3	12
Grimstad bys museer	3	1	4
Setesdalsmuseet*	6	6	12

AAma totalt: 60 fast tilsette. Årsverk i AAma var i 2021 55,62. I dette talet finn vi mellom anna 38 sommarguidar, og dessutan vikarar, engasjerte og sesongarbeidarar.
* Det var tre tilsette på Bygningsvernssenteret fram til ut juni. Då fekk ein permisjon, og resten av året var dei to tilsette der. Dei er med i det totale talet for Setesdalsmuseet.

TILSLUTTA MUSEUM**Arendal**

Eydehavn museet

Åmli

Elvarheim museum

FAGLEGE NETTVERK

Det nasjonale sjøfartsnettverket

Det nasjonale litteraturnettverket

Det nasjonale nettverket for kulturlandskap

Det nasjonale byggnettverket

Det nasjonale bergverksnettverket

Det nasjonale drakt- og tekstilnettverket

Det nasjonale KAI-nettverket

(KommuneArkivInstitusjonsnettverket)

Visit Sørlandet Utvikling – bedriftsnettverk for reise-,

kultur- og opplevingsbedrifter i Agder og Telemark

Virkes Reiselivsnettverk for museum

Forskernettverk Agder, mellom anna Rådet for

Forskernettverk Agder


Ulike lokale lag og foreninger – som styremedlem eller

samarbeidspartner

Arendal, 23. februar 2022



 Torunn Ostad, leiar



 Kim Pedersen



 Per Harald Bai Stabell



 Reidar Saga


 Sally Vennesland


 Åse Haukelisæter Vistad


 Kristin Lundby


 Odd Eldrup Olsen


 Jan Ledang, Direktør
MEMLESSKAP

Norges Museumsforbund – AAmA leiar Fagseksjon i

immateriell kulturarv fram til årsmøtet

International Council of Museums (ICOM) – den

internasjonale interesseorganisasjonen for museum

Arkivforbundet – interesseorganisasjon for lokale og

regionale arkivinstitusjonar i Noreg

International Council of Archives (ICA) – den

internasjonale interesseorganisasjonen for arkiv

Norsk Publikumsutvikling (NPU)

Arendal Næringsforening

Grimstad Næringsforening

Visit Sørlandet Utvikling

Visit Setesdal

Virke – nettverk for reiseliv

MEDEIGAR

Kommunearkivinstitusjonenes Digitale RessursSenter SA

(KDRS)

ANLEGG OG VISNINGSTADER**Arendal**KUBEN med Langsæ gård,
Aust-Agder tunet og Klokkebua,
Merdøgaard museum og
Tangen gravsted**Bygland**Bygland museum,
Dampbåten Bjoren og
Husmannsplassen Hagen**Bykle**Jernvinnemuseet på Hovden,
Huldreheimen, Lislestog og
Bykle kyrkje**Evje og Hornnes**Evje og Hornnes museum,
Evmjøen forsvarsmuseum og
Evje mineralsti.**ANLEGG OG VISNINGSTADER****Grimstad**Ibsen-museet,
Sjøfartsmuseet i Aust-Agder,
Norsk Hagebruksmuseum og
Dikterstuen på Nørholm**Iveland**Iveland og Vegusdal bygdemuseum
samt Mineralutstilling Åkle**Kristiansand**

Kjevik flyplass

Tvedstrand

Angelstad skystasjon

ValleSetesdalsmuseet Rysstad,
Sylvartun, Rygnestad museum,
Prestevodden og Tveitetunet

MUSEUM OG ARKIV FAGLEG ARBEID

2021 – MED TILNÆRMA NORMAL DRIFT

Covid-19 og dei ulike restriksjonane til pandemien påverka drifta på mange måtar òg i 2021. I fleire periodar jobba størsteparten av staben frå heimekontor. Sjølv under meir «normale» periodar, la restriksjonane avgrensingar på kor mange som kunne bruka tilboda våre. Heldigvis vart sommarsesongen meir normal enn i 2020, der vi hadde full drift. Berre to anlegg måtte halda stengt i sommarsesongen (Merdøgaard og Evje og Hornnes museum Fennefoss). Avstandspålegg gav dessverre talavgrensingar på omvisningar og arrangement òg i sommarsesongen.

SIKRINGSPLAN

Sikringsplan for AAmA vart ferdigstilt i april og vedtatt av styret i mai. Det er eit omfattande dokument som omfattar alle avdelingar, visningsstader og bygg og anlegg som AAmA enten eigar sjølv eller har eit driftsansvar for. Hovuddelen i sikringsplanen er omtaler av sikringsobjekta, risiko- og sårbarheitsbildet (ROS) og anbefalte sikringstiltak.

FORMIDLINGSPLAN FOR BARN OG UNGE

Faggruppe for formidling for barn og unge vart etablerte i 2020. I løpet av 2021 utvikla gruppa ein formidlingsplan for barn og unge som vart vedtatt av styret.

FORSKINGSPLAN FOR AAMA

I 2021 fekk AAmA ny forskingsplan som tar sikte på å gi forskinga ein tydelegare forankring i det daglege virket til organisasjonen. I tråd med dette er det òg avsett faste ressursar til forskning. Det er oppretta eigne forskarstillingar i museumsavdelinga og arkivavdelinga på KUBEN. Målet er at ei slik stilling på sikt skal finnast i kvar avdeling.

SJØFARTSSATSINGA: KATALOG OVER SJØFARTSGJENSTANDAR I AAMA

Det vart i 2021 laga ein katalog med oversyn over gjenstandar i museumssamlingane som er relaterte til sjøfart. I katalogen er sjøfartsgjenstandane grupperte tematisk. Dette er gjort med utgangspunkt i klassifikasjonssystemet Outline. Katalogen gjer det enklare å finna fram til og nytta sjøfartsrelaterte gjenstandar innan forskning og formidling.

FORMIDLING

UTSTILLINGAR SOM OPNA I 2021

Sigurd Helle & Norway station 1956-1960

Utstillinga var hovudprosjekt for Setesdalsmuseet. Det vart ikkje invitert til offisiell opning, og i staden hadde vi eit opplegg for inviterte gjester (familie) i september.

Bykle kyrkje

Bykle kyrkje runda 400 år i 2020, men jubileumsfeiring vart utsett på grunn av pandemien. Jubileums-boka frå 1995 vart prenta i nytt opplag, og museet laga ei fotoutstilling som er sett opp i Bykle nye kyrkje, med motiv av kyrkja og området rundt kyrkja dei siste 125 åra.

Kristne motiv

Utstillingen vart oppe før sommaren i «Den sorte kubben» på KUBEN. Med den mangfaldige samlingas mange Kristus-motiv med måleri frå mellomalderen, glasmåleri frå 1600-talet, russisk ikon frå 1800-talet og to gipsskulpturar etter Bertel Thorvaldsen, vart det ei variert utstilling.

Beverens reise

Frå 1920-tallet var det ein omfattande fangst og eksport av bever frå Åmli til stader der beveren var utrydda. Dette har vore del av eit forskingsprosjekt ved Universitetet i Stavanger. I den forbindelse er det lagt ned mye arbeid i å produsere en vandreutstilling med foto og illustrasjonar utførte av kunstnaren Lars Rudebjer og tittekasser med gjenstandar. Elvarheim museum syna utstillinga i sommarsesongen.

Sommarutstilling om Knut Hamsun

I juli 2021 opna sommarutstilling om Knut Hamsun i Storgaten 44. Tema for utstillinga var kjøp av Nørholm herregard utanfor Grimstad i 1918 og rettssaka etter andre verdskrig. Begge hendingane knyter seg til bygningen i Storgaten 44.

PÅGÅANDE UTSTILLINGSPROSJEKT

Livstegn

Det har vorte lagt ned mykje arbeid i 2021 med den kommande store arkeologiutstillinga på KUBEN som opnar i 2022. Trass pandemi har prosjektgruppa klart å halda oppe nødvendig framdrift. Utstillinga dekker steinalder, bronsealder og jernalder i heile det tidlegare Aust-Agder fylke.

Stolt og staseleg

Eit spennande samarbeidsprosjekt med Arendal vaksenopplæring, Med hjarte for Arendal og Tyholmen Frivilligsentral er sett i gang og skal munna ut i ein draktutstilling til Arendals byjubileum i 2023. Det er 12-13 nasjonalitetar med i prosjektet.

De hvide seil

Gjennom utstillinga «De hvide seil» vil historia om Sørlandets siste seglskutetid bli meir synleg og tilgjengeleg for publikum. Ho er dokumentert i fleire arkiv på KUBEN, og i 2018 vart eit utval av dei kalla «Seilskutearkivene frå Aust-Agder 1820-1920», innlemma i Noregs dokumentarv.





FORMIDLING TIL BARN OG UNGE

Faggruppe for formidling for barn og unge

Faggruppas hovudoppgåver i 2021 har vore å laga formidlingsplan for barn og unge. I tillegg har den meldt inn eit felles DKS-tilbud i Portalen. I DKS-tilbudet «Kvar vart det av skogen?» skal berekraftig utvikling setjast i fokus gjennom å bruka regionens historie og byggeskikk som inngang. Skipsbygging og lafting vil stå sentralt. Opplegget som utviklast i 2022, blir gjennomført på etterjulsvinteren i 2023.

Formidlingstilbud for barn og unge

Gjennom samarbeidet med Evjetun leirsted har elevar delteke på opplegget til Setesdalsmuseet i Evje Mineralsti med leiting etter mineralar og gjenkjenning av desse. Setesdalsmuseet var i løpet av hausten innom fleire skular for å gi omvising med litt aktivitetar tilpassa alder. Dette har vore både grunnskule, folkehøgskule og vaksenundervisning.

KUBEN har eit variert tilbud til skular og barnehagar, både gjennom DKS og eigen «skulekatalog». Årets opplegg frå museumsavdelinga gjennom DKS var «Stemmerett for menn og kvinner» for 6. trinn i Arendal kommune, og DKS-opplegget «Jakta på sanninga» for vidaregåande skule. Då Merdøgaard dessverre måtte halda stengt i sommar, vart det utvikla eit nytt tilbud med øyvandring for barn på Merdø. Dette vart svært

populært, og det vart gjennomførte øyvandringar for både barn og vaksne.

Filmspel™ Henrik vart lansert i Grimstad på etterjulsvinteren 2021 og fleire skuleklassar, i tillegg til lokalbefolkning og turistar, har tatt det i bruk. Filmspel™ Henrik består av seks filmar som er tilgjengeleg gjennom seks QR-koder ved Ibsen-minna i Grimstad. Stadene er: Ibsen-museet, Ibsen-hagen, Terje Vigen statuen på brygga, Reimanngården, Ibsens urtehage på Dømmesmoen og Terje Vigens grav ved Fjære kyrkje.

ANNA FORMIDLING

Bli hørt

I samarbeid med Arendal vaksenopplæring, Med hjarte for Arendal, Storyslam Oslo, Tyholmen frivilligsentral og ARKIVET freds- og menneskerettscenter arrangerte KUBEN forteljarverkstad og forteljarkvelden «Bli hørt». Forteljarkvelden var ein del av «Saman i verda»-programmet i Arendal kommune.

Formidling for seniorar

Tilbudet som skal bidra til å motverka einsemd blant eldre frå 2020, vart vidareført etter prosjekt-perioden var slutt. Det har vore fullt hus på nesten kvart einaste arrangement. I 2021 vart det gjennomført 12 Senioronsdagar.



NY DIGITAL FORMIDLING

Podkastar frå KUBEN

I 2021 vart podkastserien «Merdø – frå uthavn til sommerparadis» produsert. Serien består av fire episodar som skal publiserast våren 2022. I 2021 følgde Arkivavdelingen opp med podkastserien på 13 episodar «Polarpionerene – Polarhistorien sett fra Sørlandet» etter fjorårets suksess med «De hvide Seil». Mottakinga har vore over all forventning. I løpet av året har dei hatt over 7000 lyttingar.

Nettarrangementet «Dypdykk i KUBENS magasiner»

I løpet av hausten vart det lansert fleire nettarrangement på Facebook under vignetten «Dypdykk i KUBENS magasiner». Dette var eit samarbeid mellom arkiv- og museumsavdelinga der det vart vist fram gjenstandar og arkivstykke og fortalde historiene knytt til desse. Filmene vart òg gjort tilgjengeleg på Youtube.

Arkivavdelinga på Pinterest

Nytt av året er at arkivavdelinga har testa ut bildedelingstenesten Pinterest. På sida «Kuben Photoarchive Arendal» vart det publisert over 2000 portrett. Pinterest-sida har fått ein overveldande respons, og oppnådd over 500.000 sidetilvisningar i 2021.

Pogs/caps – eit minneinnsamlingsprosjekt

På hausten vart pilot-prosjektet Caps eller pogs: Speleaktivitet blant barn på 1990-talet avslutta. Det vart gjennomført intervju med menneske som var barn i det ti-året, for å samla kunnskap om korleis barn forhold seg til tilpassa produkt frå kommersielle aktørar. Samtalepartnarane var stort sett frå Agder. Sluttresultatet vart til ein nettartikkel.

Arne & Carlos

I august var «strikkeguruane» Arne og Carlos fleire dagar i Setesdal, og spela inn til saman ti filmar som seinare vart publiserte på Youtube med svært mange sjåarar. Det vart filma med anna på Rygnestad og på Rysstad. Fram til årsskiftet var filmene sett ca. 75 000 gonger.

Kulturpunkt

Etter at AAma i 2020 investerte i appen Kulturpunkt (med stønad frå Agder fylkeskommune) har KUBEN lagt ut 49 punkt. På dei ulike punkta formidlar vi historier gjennom tekst, bilde, lyd og film.



DIGITALE BESØK 2021

	Nettsteder besøk	Facebook følgjarar	Instagram følgjarar	Nyheitsbrev abonnentar
Kuben*	123 536	4 518	1 590	957
Setesdalsmuseet**	38 729	3 245	-	-
Grimstad bys museer***	30 254	4 989	2 476	496
AAma	4 405	-	-	-

*Besøkstalet fordeler seg slik: kubenarendal.no (50.522), avtrykk.no (51.278), oselia.no (17.017) og gjenstand.no (4721).

**Facebook følgjarar fordeler seg slik: Setesdalsmuseet (1817), mineralstien (537) og Bjoren (891)

***Besøkstalet fordeler seg slik: gbm.no (27.853) og Filmspel™ Henrik (2.401)

ARRANGEMENT I 2021

DATO	ARRANGEMENT	STED	DATO	ARRANGEMENT	STED
17.01.2021	2 Søndagsomvisningar i Slavegjort	KUBEN		23 konsertar (1.7-6.8)	
20.01.2021	Senioronsdag - omvisning Mitt måleri	KUBEN	15.07.2021	Konsert med Kirsten B. Berg og Daniel S. Warg,	Hovdestøylen, Bergtun,
31.01.2021	2 Søndagsomvisningar i Slavegjort	KUBEN		6 konsertar (15-18.7)	Sølvarden, Revsnes,
03.02.2021	Senioronsdag - Losvirksomhet på Merdø	KUBEN			Dølen, The Village
11.02.2021	Webinar (Annemor Sundbø foredrag frå utstillinga på museet)	Setesdalsmuseet	30.07.2021	Foredrag minnekonsert Torleiv H. Bjørgum	Setesdalsmuseet
14.02.2021	2 Søndagsomvisningar i Slavegjort	KUBEN	31.07.2021	Folkemusikkvandring (2 rundar)	Setesdalsmuseet
14.02.2021	Morsdag på KUBEN	KUBEN	05.08.2021	Byvandring om Ibsen, Ibsen- og Hamsundagene	Grimstad
17.02.2021	Senioronsdag - omvisningar i Slavegjort	KUBEN	06.08.2021	Byvandring om Hamsun, Ibsen- og Hamsundagene	Grimstad
20.02.2021	Vinterferieverkstedet, Vi lagar ugle-uro (9 dagar)	KUBEN	14.08.2021	Kulturpatrulja (Setesdalsbanen 125 år),	Røyknes
24.02.2021	Kulturkveld: Historia til brettspillet	KUBEN		4 konsertar (14-15.8)	
03.03.2021	Senioronsdag : Dei kvite segl	KUBEN	15.08.2021	Friluftsgudsteneste Tveitetunet	Tveitetunet museum
28.04.2021	Senioronsdag Forhandsomvisning i Kristne motiv	KUBEN	16.08.2021	Arendalsveka utstillinga "Vi og våre drakter" (16-20.08)	KUBEN
11.05.2021	Foredraget Fortellinger frå Dikterbyen, Den kulturelle spaserstokken	Grimstad	17.08.2021	Arendalsveka, debatten om museumsmeldinga	KUBEN
12.05.2021	Senioronsdag : Havstad støberi	KUBEN	17.08.2021	Arendalsveka, «Kunst, kultur og privat kapital på skinnar»	KUBEN
19.05.2021	Boklansering: Bondesamfunn og bondeopposisjon på Agder	KUBEN	21.08.2021	Kulturkveld på Sylvartun, 3 konsertar m/Kirsten B. Berg m.fl.	Sylvartun
26.05.2021	Kulturkveld: Raritetskveld	KUBEN	25.08.2021	Kulturkveld : Arne J. Myrdal - eit liv i kamp	KUBEN
30.05.2021	Bjoren, 43 turar (30.5-31.8)	Byglandsfjorden	27.08.2021	Foredrag Coworx Hovden (opning)	Visit Setesdal/Hovden
02.06.2021	Foredrag om Andreas Faye-samarbeid med Biblioteket	KUBEN	28.08.2021	Kulturkveld på Sylvartun, 3 konsertar m/Kirsten B. Berg m.fl.	Sylvartun
09.06.2021	Spiselige blomstrar og plantar i maten, Naturlos	Grimstad	29.08.2021	Kulturpatrulja Eikerapen	Eikerapen, Åseral
15.06.2021	Med Hamsun på gjengrodde stiar, Naturlos	Grimstad	05.09.2021	Soppdag på NHM i samarbeid med Sopp- og nyttevekstforeininga	Grimstad
22.06.2021	Teaterforestillingen Din Ibsen, 11 framsyningar (22.06-30.06)	Grimstad	09.09.2021	Foredrag : Aust - Agder arkiv og museumsslaget	KUBEN
23.06.2021	Omvisningar i utstillinga Slavegjort (2 gangar dagleg)	KUBEN	11.09.2021	Bykledag (Bykle kyrkje/Lislestog)	Bykle kyrkje/Lislestog
26.06.2021	Øyvandring på Merdø (2 gangar i veka - 26.06-15.08)	KUBEN	14.09.2021	Foredrag Kultur og museum i Setesdal	Hovden jernvinnemuseum
26.06.2021	Øyvandring for barn - bli vaktar av Merdø! (2 gangar i veka - 26.06-15.08)	KUBEN	15.09.2021	Senioronsdag: 2 omvisningar i utstillinga Avtrykk	KUBEN
28.06.2021	Omvisning i Langsæ gard (1 gang i veka - 28.06-14.08)	KUBEN	15.09.2021	Foredrag: Fotografiet før og no med Alf-Georg Dannevig	KUBEN
29.06.2021	Foredrag Kultur og museum i Setesdal	Hovden jernvinnemuseum	15.09.2021	Foredraget Krigssegalarar: farleg krig og vanskeleg fred	Grimstad
01.07.2021	Sommerverksted 3 gangar dagleg (1.-31.07)	KUBEN	18.09.2021	Den store besteforeldrehelga (gratis inngang for besteforeldre)	KUBEN
01.07.2021	Kulturpatrulja i Bykle kyrkje og Sylvartun,	Bykle kyrkje/Sylvartun	21.09.2021	Poesi-lunsj i samarbeid med Grimstad bibliotek	Grimstad
			22.09.2021	Foredrag: «Fred eller konflikt» i opposisjonen til egdene på 1500-talet	KUBEN

FYSISKE BESØK 2021

	2021	2020	2019		2021	2020	2019
KUBEN	11 737	10 672	20 897	Stands*			1 120
Setesdalsmuseet	19 142	20 617	21 198	Eydehavn Museet	471	397	1 066
Grimstad bys museer	8 837	7 256	11 408	Elvarheim museum	1 349	1 414	11 289
Totalt	39 716	38 592	53 503				

* På grunn av pandemien var alle større arrangement avlyst i 2020 og 2021.



SAMLINGSFORVALTNING – MUSEUM

Etablering av faggruppe for samlingsforvaltning I 2021 vart Faggruppe for samlingsforvaltning nedsett. Grappa har jobba med iverksetting av Spectrum som standard for samlingsarbeidet i AAMA. Grappa har sett på gamle vedtekter/kontrakt /avtalar som var gjeldene i dei forskjellige avdelingane før konsolideringa med AAMA. Grappa har hatt egne primusmøte og vorte samde om felles reglar for bruk av Primus. Eitt av ansvarsområda til faggruppa er å følgja opp felleslageret på Evje. Det er vorte sett i gang oppfølging av IPM der, og alle drifts-oppgåver er følgde opp. Medlemmene i grappa rullerer på leiaransvaret.

KUNSTGÅVE ETTER OLAV BJØRGUM

På ettersommaren 2021 kom det ein førespurnad frå arvingane til setsdalskunstnaren Olav Bjørgum om det var interessant for museet å overtake samlingane etter han med tanke på utstilling/galleri. Styret i AAMA vedtok i november at administrasjonen skulle arbeide vidare med dette, og det vart sett ned ei nemnd som har ansvar for å få utarbeidd eit forprosjekt der museet sine behov vert klargjorte og med framlegg til utbygging/ombygging.

INNSAMLING AV STADNAMN

Arbeidet med innsamling av stadnamn i Valle kommune har pågått i ein periode på godt og vel 20 år. Valle kommune har fått støtte frå Norsk språkråd til å fullføre arbeidet, og dette blir gjort i samarbeid med Setesdalsmuseet som stiller kontorplass til disposisjon og fagleg tilrettelegging. I 2021 vart det arbeidet som så langt var utført med innsamling, kvalitetssikra og registrert på Norgeskart.

TEKSTILARBEID

Filmprosjektet med dokumentasjon av band- og belteveving, der prosessen med denne spesielle veven er skildra i detalj, har halde fram. Vi ventar framleis på at redigeringsarbeidet skal fullførast.

DOKUMENTASJON IMMATERIELL KULTURARV

Kulturrådet løyvde hausten 2021 eit einganstilskot på kr. 500.000,- som skal gå til styrking av museet sitt arbeid med digitalisering av immateriell kulturarv. Arbeidet er startet opp.

AAMA SITT BIDRAG TIL ARBEIDET MED IMMATERIELL KULTURARV PÅ NASJONALT NIVÅ I 2021

I samband med Kulturdepartementet sin periodiske rapportering til UNESCO deltok AAMA på workshop for opplæring i bruk av indikatorar som verktøy for rapporteringa samt webinar med foredraget «kunnskap om og kunnskap i». Styret for seksjon for immateriell kultur, NMF (der AAMA deltar) arrangerte seminar i samarbeid med Nord-Troms museum. Temaet var kvensk/norsk-finsk immateriell kulturarv.

PROSJEKT G-SIGNATUR

Også i 2021 var den største oppgåva i Grimstad innan samlingsforvaltning Prosjekt G-signatur. Det treårige prosjektet vart avslutta i 2021, og sluttrapport ferdigstilt.

FLØISTAD-SAMLINGA

Fløistad-samlinga vart gitt i gåve til Grimstad på 1990-talet. Det er stor etterspørsel etter bilda, men sidan fotosamlinga er uordna og heller ikkje digitalisert, er det vanskeleg å betena førespurnadene. I 2021 vart eit prosjekt som har til hensikt å ordna, digitalisera og dokumentera fotosamlinga sett i gang. Arbeidet fortset i 2022.

REGISTRERING OG KATALOGISERINGSARBEID

Museumsavdelingen har fått på plass eit eige registreringsrom for gjenstandar, og har komme godt i gang med prosjektet å tømme inntaksrommet. I 2021 har museumsavdelinga 1002 nyregistreringar i samlinga vår (6820 objekt). 497 gjenstandar er vorte digitalisert, og 361 av dei er no tilgjengeleg for publikum via digitale kanalar. 132 nye gjenstandar er innlemma i samlinga. I samband med arbeidet med den kommande arkeologjutstillinga har det vorte avfotografert 177 arkeologiske gjenstandar.

Ved utgangen av året var 7567 gjenstandar frå Setesdalsmuseet og 8416 gjenstandar frå KUBEN lagt ut på Digitalt Museum.

Det har vorte lagt ned ein stor jobb på KUBEN i forhold til å avklara eigarskap til arkeologiske gjenstandar og å inngå oppdaterte avtalar med dei aktuelle institusjonane.

KONSERVERING

I 2021 vart mykje av tida til konservatoren brukt til arbeidet med gjenstandar som skal vera med i den kommande arkeologjutstillinga på KUBEN, og dessutan konservering av gipsskulpturen Kristus, etter Bertel Thorvaldsen. Konservator har òg hatt nokre oppgåver i samband med andre utstillingar i AAMA.

FORVALTNING AV KULTURLANDSKAP

Tveitetunet og Rygnestad museum er også del av prosjektet «Nasjonal slåttemark», og tradisjonell ljåslått vart gjennomført både steder i slutten av juli. Dette vert administrert for fylkesmannen gjennom Setesdalsmuseet.



SAMLINGSFORVALTNING – ARKIV

I 2021 vart to viktige milepælar nådd i forhold til arkivforvaltning. Dei første arkivpakkane med elektroniske arkiv vart overførte til depotet til Kommunearkivinstitusjonens digitale ressurscenter (KDRS). Samtidig kunne det markerast at omfanget med papirarkiv for første gang oversteig 10.000 hyllemeter.

I løpet av 2021 vart det tatt imot 182 hyllemeter med papirarkiv. 141 hyllemeter kom frå kommunar og Agder fylkeskommune. Privatarkiva utgjorde om lag 40 hyllemeter privatarkiv. I løpet av året vart det ordna om lag 30 hyllemeter med privatarkiv fordelt på 35 arkiv. Dette var ein auke samanlikna med fjoråret.

Nedstenging og pålagt heimekontor gjorde at det i periodar var vanskeleg å få ordna fysiske arkiv. I staden vart det prioritert å registrera fleire større papirkatalogar i Asta, slik at dei vart mogleg å søka opp innhaldet på Arkivportalen. I løpet av 2021 vart 17 større papirkatalogane med privatarkiv registrert og gjort tilgjengeleg for søk.

Hausten 2021 vart det utført ein stor redningsaksjon, då eit stort vass- og muggskada fotoarkiv kom KUBEN. Takka vera iherdig innsats frå dei tilsette til arkivavdelinga, vart ei stor mengde historiske foto redda frå å bli øydelagt.

Avdelinga har i 2021 samarbeidet med andre institusjonar om ulike arkivprosjekt. Avdelinga leidde arbeidet med å laga ein bevaringsplan for privatarkiv i Agder. Dette prosjektet skjer i samarbeid med Statsarkivet i Kristiansand. Avdelinga har òg samarbeidd med Næs Jernverksmuseum om å søka støtte til å digitalisera jernverksarkiv frå Agder. Prosjektet vart løyvd støtte for 2022.

I 2021 vart òg eit ordningsprosjekt etablert med Vest-Agdermuseet. Prosjektet går ut på å ordna arkivet etter plastbåtprodusenten Skibspplast på Evje. Prosjektet er støtta med utviklingsmiddel frå Arkiv-verket. KUBEN fekk i 2021 òg støtte frå Arkivverket til eit forprosjekt for å sjå moglegheita for å digitalisera fotosamlinga etter avisa Fædrelandsvennen. Prosjektet vil starta opp i 2022.

I 2021 har det vorte lagt mykje arbeid i bevaring av elektroniske arkiv. I løpet av året vart eit viktig mål nådd då det vart etablert ei sikker sone i IKT-Agders nett, slik at elektroniske arkivpakkar trygt kan lagrast. I løpet av 2021 vart det mottatt 10 elektroniske uttrekk. Dette er ei dobling samanlikna med året før. Vi forventar eit jamt tilsig av deponeringar i tida framover.

I løpet av året har eigarkommunane mottatt bistand i form av rådgivingstenester, arkivplanarbeid, arkivsynfaringar og nyheitsbrev. Arendal og Grimstad har òg fått bistand med å lukka avvik i arkivplanen etter tilsyn frå Arkivverket. Arkivavdelinga leverte òg høyrings svar til utkast til ny arkivlov.

På grunn av koronarestriksjonar vart fysiske kurs byttet ut med digitale kurs både på våren og på hausten. Desse kursrekkene vart godt mottatt. I november kunne vi invitera til Arkivfagleg fylkesforum på KUBEN med deltakarar frå dei aller fleste kommunane i tidlegare Aust-Agder.

Talet på arkivførespurnader aukar. Dette skylder i hovudsak at fleire kommunale arkiv blir avleverte til KUBEN. Spesielt er det mange førespurnader knytte til framfinning av tannhelsekort og vitnemål.

I løpet av året har meir digitalisert arkivmaterialet funne vegen til nettet. I 2021 nådde vi målet om å få 5000 portrett frå portrettsamlinga på Agderbilder.no. Her kan publikum gratis både sjå, og dessutan lasta ned historiske bilde i høg oppløysing. Det blir samarbeidd med Arkivverket om å få gjort dei same bilda tilgjengeleg på Digitalarkivet. I tillegg vart det digitalisert og formidla bilde til privatpersonar, bokutgivingar, utsmykking og andre interne og eksterne prosjekt.

Arkivavdelinga har i løpet av 2021 fått publisert mykje skanna materiale på Digitalarkivet. Eit viktig

digitaliseringsprosjekt som vart slutført var alle dei kommunale formannskapsprotokollane frå 1837-1921. Desse protokollane, og dessutan fleire skipsjournalar, båtbrosjyrar frå Skibspplastarkivet og dessutan nokre journalar vart publiserte på Digitalarkivet.

Koronapandemien har skapt nokre utfordringar i forhold til lesesalen med avstandsregulering og påmelding. Likevel har lesesalen vore godt besøkt trass i ein nedgang i talet på gjestar samanlikna med tidlegare år.



BYGNINGSVERN

Setesdal bygningsvernssenter er organiserte som ei eiga avdeling. Senteret utfører restaureringsarbeid på antikvariske bygningar på oppdrag frå offentlege og private eigarar, i tillegg til egne bygningar.

RESTAURERINGSPROSJEKT I 2021

Bygningar i privat eige:

- Lopt Hoftuft – Totalrestaurering av lopt med svalgang. Loftet er også vedtaksfreda.
- Demontert vidauga og starta restaurering av vindauga på Gamle Botn hotel
- Restaurert og laga nye dører til eit freda hus i Oslo
- Restaurering Ånebjør – skifta tak og retta opp veggar
- Restaurert og sett opp att loft i Breive
- Heddesloftet- demontert på Snarøya og sett oppatt på Helle. Arbeidet vil bli ferdigstilt i 2022
- Oppstart på lopt på Brottveit. Automatisk freda

Reparasjon av bygningar og restaurering der AAma er eigar eller har driftsavtale:

- Adm. restaurering av sjøbod på Merdø
- Påbegynt restaurering av andre høgda på Tveitetunet

Dendrokronologiske prøver for aldersfastsetjing av tømmer:

- Det er tatt 50 prøver på om lag 8 bygg.



FORSKNING OG KUNNSKAPSUTVIKLING

BØKER

Aust-Agder-Arv 2021. Årbok for Aust-Agder museum og arkiv. Arendal 2021.

Kjell-Olav Masdalen: Bondeopposisjon på Agder i overgangen mellom senmiddelalder og tidlig nytid. Cappelen Damm Akademisk 2021. 432 sider.

ARTIKLAR

Hilde L. Austarheim: «Stilige herrer eller skinnkledd karer? Menns klær på Merdø på 1700-tallet» Aust-Agder-Arv 2021. s. 64–95.

Hilde L. Austarheim: «Ugifte mødre og 'uekte barn' i Arendal 1703-1723». Sånn var det. s. 6–27.

Maria Björkroth: «Hembygds kunnskap». Förändringstider. Dalarnas Hembygdsförbunds årsbok 2021. s. 119–133.

Egil Blomsø: «For gammelt vennskaps skyld - Arven etter Dr. Gregory Torgerson». Aust-Agder-Arv 2021. s. 138–163.

Håkon Haugland: «Fruktbare kystbygger eller nakne steinørkener? Omkampen om nedenesprivilegiene i Risør tolldistrikt på 1790-tallet» Aust-Agder-Arv 2021. s. 96–113.

Leonhard Jansen: «Hans Henrik Holm (1896–1980) i Setesdal – på leit etter den norske folkesjeli.» Til publisering i Norsk Årbok.

Gaute Christian Molaug: «Da sørlandsredere satset på gamle tankskip – En undersøkelse med utgangspunkt i Prebensen-arkivet på KUBEN». Aust-Agder-Arv 2021. s. 34–63.

Kristoffer Vadum: «Faglege nettverk og agenter i distriktene – Diplomsamlingen ved museet i Arendal 1832–1870.» Aust-Agder-Arv 2021. s. 164–183.

